

# Informasjonsskriv til tilsette – 24. april 2020



Volda  
kommune

## **Kjære medarbeidar i Volda kommune,**

Det går mot vår. Vi har også vore heldige og hatt nokre finversdagar som kompensasjon for styggeveret i vinter. Det vert ein annleis vår. Når helsemyndigheitene slepper litt opp for å få samfunnet litt i gang att, så er det også vel så viktig at vi er medvetne om følgje dei nasjonale smittevernråda. Volda kommune følgjer desse, og dersom alle følgjer lojalt opp om denne dugnaden, vil vi framleis kunne ha kontroll på situasjonen. Dei enkle og sikre råda er å vaske hendene ofte, halde avstand og halde seg heime når ein er sjuk.

Mange arbeider frå heimekontor. Dette vert praktisert inntil vidare om det ikkje er gjort anna avtale med næraste leiar. Det kan vere einsamt og krevjande å arbeide heimafrå, og kanskje ikkje minst intenst å sitje lenge samanhengjande framfor skjermen. Det er viktig å finne avbrekk, strekkje kroppen og bevege seg. Det er også viktig at de har løpande kontakt med næraste leiar og med fagmiljøet. På fritida vert det kanskje viktigare enn elles å kome seg ut i friluft og vere fysisk aktiv. Det er viktig å gjere ting som både gir avveksling og byggjer energi. Oppgåvene og tenestene skal gå sin gang sjølv om krisesituasjonen gjer at vi må gjere ting på andre måtar.

Nok ein gong er eg imponert over kor flinke de er til å snu dykk rundt og organisere tenestene i denne ekstraordinære situasjonen. Det har vore gjort ein formidabel innsats for å opne barnehagane denne veka, og over helga vert det skuletilbod for elevane i 1. – 4 årssteg og i SFO. Det er førebudd gode rutinar, og det er eit godt tverrfagleg samarbeid mellom oppvekstsektoren, kommuneoverlegen og reinhaldarane. Eg merkar at denne ekstraordinære situasjonen utløyser mykje kreative løysingar som vi også vil dra nytte av når vi går attende til normal situasjon. Det er kjekt å kjenne på entusiasmen og lojaliteten for å løyse dei utfordringane vi står oppi. I krisesituasjonar vert det også forventa av oss alle at vi er fleksible, og det er heller ikkje tida for å ri prinsipp. Dette gjer at mange i denne mellombelse perioden aksepterer at ikkje alt er heilt ideelt. Dette er også tema i videomøte i det sentrale kommunedirektørutvalet i KS, der det vert meldt at dette er ei felles problemstilling for tilsette i kommunane over heile landet.

Politiske møte vert haldne som videomøte. Formannskapet har neste møte tysdag den 28. april. I dette møtet får dei m.a oversikt over økonomisk status både i den ordinære drifta i kommunen og konsekvensane av koronasituasjonen. Når det gjeld

det siste så er bildet uoversiktleg. Vi må tenkje nøkternt ut frå kva som til kvar tid er godt nok også her. Kommunen kan ikkje pårekne at staten kompenserer for utgifter som ikkje er heilt nødvendige.

På kommunen sine heimesider finn de informasjon til tilsette om Covid 19:

<https://www.volda.kommune.no/beredskap/for-tilsette/informasjon-til-tilsette-vedrorande-covid-19/>

Det er viktig at de følgjer med på denne sida og held dykk oppdatert.

Eg ynskjer deg ei god helg.

**Beste helsing**

**Rune Sjugard**

**Kommunedirektør**